



ULSTEIN KOMMUNE

# Gode levekår

## med mennesket i sentrum

LEVEKÅRSPLAN FOR ULSTEIN KOMMUNE 2020 - 2032



Ulstein kommunestyre 17.06.2021, SAK 58/21



Kva er viktig for deg?

Vår aller viktigaste samfunnsressurs er innbyggjarane våre. For å skape det samfunnet vi ønsker no og i framtida, treng vi gode levekår. Ulstein kommune skal vere ein kommune det er godt å vekse opp og bu i. Levekårsplanen skal legge ei strategisk retning for korleis det skal skje, og fungere som eit overordna styringsverktøy. Levekårsplanen skal gjelde for heile Ulsteinsamfunnet og har som mål at vi saman, på tvers av sektorar og bransjar, leverer gode tenester og skaper gode løysingar for utviklinga av kommunen vår.

LEVEKÅRSPLANEN HAR TRE FORMÅL:

1

Å vere strategi- og handlingsplan for utvikling av gode levekår i Ulstein kommune.

2

Skape felles forståing for kva som er gode levekår og korleis vi kan skape det i lag.

3

Inspirere heile Ulsteinsamfunnet til å utvikle tenester og løysingar som skaper gode levekår.

# Bakgrunn for leveårsplanen

Dagens kommunedelplan for levekår – frå no kalla leveårsplan – gjeld frå 2013-2020. Mål og tiltak som vart utarbeidde i 2013 har i stor grad vorte gjennomførte, og deler av leveårsplanen vart teke opp i [Samfunnsplanen 2017-2029](#). Situasjonsbildet av Ulstein kommune har også endra seg over tid, med aukande folketal og stor byggeaktivitet i sentrum. Den nye leveårsplanen skal vere gjeldande for perioden 2020-2032. Strategival krev ei heilskapleg planlegging over tid.

Gjennom leveårsplanen har kommunen samla fag og sektorar i ein felles plan for å fremje det tverrfaglege samarbeidet.

Leveårsplanen 2020-2032 inneheld ein eigen tiltaksdel med mål og strategi for kommunen sine fire målområde: *god helse, gode oppvekstvilkår for barn og unge, eit levande kulturliv og gode og attraktive nærmiljø.*

Tiltaksdelen vert evaluert og rullert i kvar valperiode saman med planstrategien.

[Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017-2029](#) har sett ned mål og strategiar som handlar om kultur, innbyggjarar, levekår, opplæring, utdanning og tettstad- og arealutvikling. Desse ligg også til grunn for leveårsplanen.

[Samfunnsanalysen frå 2020](#) er ein analyse der det er kartlagt kva som har vore typiske utviklingstrekk for Ulstein kommune og forventa utvikling framover, i tillegg til utfordringar og konsekvensar for den kommunale produksjonen av tenester. Samfunnsanalysen er lagt til grunn for ny leveårsplan saman med folkehelseoversikta for 2020.

Planarbeidet er i tråd med [planprogrammet](#) jf. vedtak i Ulstein formannskap sak 80/19. [Leveårsutvalet](#) fekk rolle som styringsgruppe.

Administrativ prosjektgruppe var samansett av:

- Kommunalsjef oppvekst Gry Nordal
- Kommunalsjef helse og omsorg Marit Botnen
- Kommunalsjef org. og utvikl. Monica Cecilie Torp
- Kultursjef Leif Ringstad
- Planleggar Cecilie Roppen
- Interkommunal samfunnsplanleggar Jarand Holtekjølen Dugstad
- Folkehelsekoordinator Kristine Dale

# Kva er gode levekår? Og kva påverkar gode levekår?

Innholdet i omgrepet levekår endrar seg i takt med velferdsutviklinga. Vi legg ikkje same innholdet i gode levekår i dag som for 30 og 40 år sidan.

ST. MELD 21 (2006-2007)



Levekår handlar om dei ressursane den enkelte disponerer og kva høve folk har til å nytte seg av desse ressursane til å skape gode liv for seg og sine. Levekår handlar også om korleis folk opplever at dei har det, kva livskvalitet dei har og kor tilfredse og lykkelege dei er.

Ressursar kan vere individuelle, som utdanning, inntekt, formue og helse. Dei kan også vere kollektive, som til dømes miljø. Ressursar kan vere medfødde eller erfarte. Også rammer utanfor individet påverkar den enskilde sine levekår, slik som utdanningssystem, arbeidsmarknad eller bustadmarknad.

Vekselverknad mellom ressursar og ytre rammer er sentrale i forståinga av kva levekår er. Levekår omfattar slik eit breitt spekter av komponentar, som helse, sysselsetting, arbeidsvilkår, økonomiske ressursar, kunnskap, høve til utdanning, familie og sosiale relasjonar, bustad og nærmiljø, rekreasjon og kultur, tryggleik for liv og eigedom, i tillegg til politiske ressursar og rettar.

Livskvalitet handlar om korleis vi opplever vårt eige liv. Levekår påverkar livskvaliteten til folk. Den nasjonale [livskvalitetsundersøkinga frå 2020](#) viser at personar med dårlege levekår opplever at dei også har dårlegare livskvalitet. Oppleving av meining er ein person sin subjektive livskvalitet, medan objektiv livskvalitet handlar om kjernegode eller mål i seg sjølv, som fridom, tryggleik, helse og fellesskap.

# Korleis skal vi jobbe med betring av levekår

Utvikling av gode levekår krev god kommunal samhandling på tvers av sektorar. Det krev også at heile lokalsamfunnet tek medansvar. Vi må jobbe på tvers av fagfelt og politisk ståstad. Dette gjeld like mykje for dei som arbeider i kommunen som for lokalt næringsliv, det frivillege arbeidet i lag og foreiningar og for den enkelte innbyggjaren. For at vi skal klare å gjennomføre strategiane og tiltaka i planen, har vi lagt til grunn fem arbeidsprinsipp. Desse prinsippa skal vere med oss når tiltak og strategiar vert vurdert og sett ut i livet.

Tiltaka er å sjå på som idear til vidare utforsking. Kva tiltak som vert prioritert vil vere ein del av den årlege budsjettprosessen. Kanskje er det andre tiltak som vil vere meir aktuelle enn dei som står i planen.

PRINSIPPA ER SOM FØLGER:

- 1 Berekraftig utvikling**  
Alt vi gjer skal vere berekraftig på kort og lang sikt.
- 2 Samskaping**  
Vi skal bygge nye partnerskap og samarbeidsmodellar.
- 3 Medverknad**  
Alle skal få høve til å seie meininga si.
- 4 Inkluderande samfunn**  
Vi skal bygge eit samfunn med plass til alle, der alle kjenner at dei høyrer til.
- 5 Tidleg innsats**  
Vi skal avdekke utfordringar og sette inn rett og nok innsats så tidleg som mogleg.



# 1

## Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling handlar om å legge til rette for ei samfunnsutvikling som sikrar grunnleggande behov over tid. Vi må stette behova i dag utan å øydelegge for framtidige generasjonar.


Berekraftsmåla til FN er overordna mål for samfunnsutvikling på lokalt, nasjonalt og globalt plan. Det er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

For å skape ei berekraftig utvikling for Ulstein kommune treng vi å sjå dei tre dimensjonane miljø, økonomi og sosiale tilhøve i samanheng. Vidareutviklinga av Ulstein kommune som ein trygg, sunn, miljøvenleg og helsefremjande kommune å bu i, skal vere tufta på berekraftsmåla.

Miljødimensjonen handlar om å ta vare på naturen og klimaet som ein fornybar ressurs. Måten vi brukar og varetek naturen på i dag, har store konsekvensar for både natur og menneske i framtida.

Den økonomiske dimensjonen skal sikre økonomisk tryggleik for menneske og samfunn. Fattigdom og ulikskap er ei kjelde til dårlegare levkår, helse og livskvalitet for mange i Noreg i dag.

Sosiale tilhøve handlar om å bygge samfunn prega av tillit, tryggleik, tilhøyre og tilgang til gode som arbeid, utdanning og gode nærmiljø.



# 2

## Samskaping

Å skape gode levekår er eit felles ansvar for heile kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet. Både offentleg sektor, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar og andre nettverk har påverknad på levekåra. «Ulstein i framtida» vert skapt i samarbeid mellom desse.

Samskaping skjer når kommunen i lag med ein eller fleire partar inngår i eit likeverdig samarbeid for å avdekke utfordringar, forme og gjennomføre nye og betre løysingar. Kommunen si oppgåve er å legge til rette for at samskaping kan skje.

Frivillig sektor er kanskje den viktigaste medspelaren til gode levekår for innbyggjarane. I frivillige lag og organisasjonar kan folk som deler same interesse, livssyn eller som brenn for same sak møtast. Gjennom engasjement og deltaking kan vi få sosial kompetanse, vener, nettverk og oppleve meistring.

Næringslivet har også mykje å seie for opplevd livskvalitet. Eit robust, inkluderande og mangfaldig næringsliv der det er plass til alle, gir låg arbeidsløyse og lågare sjukefråvær.


Ulstein kommune skal søke etter nye samarbeid og partnerskap med næringslivet og frivillig sektor. Kommunen skal ønske nye initiativ velkomne, koordinere og invitere til samarbeid. Kommunen skal vere ein tilretteleggar i dette arbeidet.



# 3


## Medverknad

Alle skal ha høve til å delta i utviklinga av samfunnet vi lever i, og alle skal føle seg sett og høyr. At menneske får delta aktivt til fellesskapet ut frå eigne ressursar og føresetnader er med på å skape ei kjensle av identitet og det å høyre til. Medverknad og dialog styrker lokaldemokratiet, vi får betre avgjerder, betre tenester til brukarane og det er ein viktig del av samskapingssprinsippet.



Barn og unge sin medverknad handlar om høve til reell påverknad på viktige samfunnsområde gjennom formaliserte organ og organisasjonar, i tillegg til høve for den einkilde til å verte høyr og kunne påverke på område som er viktig for eige liv. Vaksne pliktar å lytte til barn og unge når det vert gjort vedtak i saker som vedkjem dei, jf. FN sin barnekonvensjon og plan- og bygningslova § 5-1. Ulstein kommune har ein barnerepresentant som passar på barn og unge sine interesser, og som ser til at sakshandsaming og vedtak er i tråd med rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegging.

Strategi for innbyggjardialog omtalar korleis Ulstein kommune ønskjer medverknad frå innbyggjarane. Gjennom ulike arenaer skal vi sikre brei medverknad både når det gjeld utvikling, plan- og byggeprosesser, framtidvisjonar med meir. Gjennom deltaking vil behov og ønske verte synlege, og kreativitet, engasjement og fellesskapskjensle kan verte utløyst. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå barn og unge, også frå dei som ikkje er i stand til å delta direkte.



# 4

## Inkluderande samfunn

God inkludering handlar om å gi alle dei same moglegheitene til å ta del i samfunnet, uavhengig av alder, økonomi, funksjonsevne, sosial og etnisk bakgrunn. Ulstein kommune skal jobbe for aktiv deltaking i arbeids-, kvardags- og samfunnsliv for alle som bur i kommunen.

Miljøet vi lever i har mykje å seie for livskvalitet, helse og trivsel. Også det fysiske kvardagsmiljøet påverkar oss alle. Barn og unge nyttar lokalmiljøet i større grad og på ein annan måte enn foreldra. Trygge og sunne lokalmiljø er difor særleg viktig for velferda til denne gruppa. Barn og unge kan også ha andre meiningar enn vaksne om kva som gir livskvalitet på heimstaden. Dei fleste møta på tvers av generasjonar og alder skjer i det offentlege rom. Gode sosiale møteplassar bør leggast vekt på når nye og eksisterande område skal verte utvikla slik at vi kan skape gode arenaer for samhandling, samskaping og opplevingar.

Mangfaldet i Ulsteinsamfunnet er ein styrke. Samstundes utfordrar det oss til stadig å bygge fellesskap med plass for alle. Sjølv om Noreg er eit av dei beste landa i verda å bu i, ser vi at aukande sosiale skilnader også pregar kommunen. Vi ser at dei med høgare utdanning og inntekt har betre levekår, livskvalitet og helse enn dei med lågare utdanning og inntekt. For å utjamne sosiale skilnader vil vi i tillegg til å legge til rette for utdanning og med det god inntekt - måtte arbeide for levekår, livskvalitet og helse for dei som fell utanfor. God inkludering fangar opp dei som slit og gir dei høve til å finne sin plass i samfunnslivet. Ulstein kommune vil bygge ein «vi-kultur» som fremjar god inkludering.

# 5

## Tidleg innsats

Tidleg innsats handlar om å avdekke vanskar tidleg, enten det gjeld menneske, system eller bygg, og deretter sette inn rett tiltak. På den måten unngår vi unødige lidingar og samfunnsmessige kostnader.

Gjennom helsefremjande og førebyggjande aktivitetar i heile livsløpet til eit menneske, kan vi sikre at alle får høve til å leve eit så godt liv som mogleg. Førebyggjande arbeid og samhandling i og på tvers av sektorar er viktige verkemiddel for å fange opp om nokon treng hjelp eller støtte. Mange vil i løpet av livet sitt trengje hjelp. Det kan vere foreldrerettleiing i småbarnsperioden eller samtalehjelp i tenåringstida, eller for å avdekke demens tidleg. Tidleg innsats kjenner ingen alder.



# Målområde

Basert på nasjonale, regionale og lokale føringar og kunnskapsgrunnlag (sjå side 26-27), har Ulstein kommune valt ut fire hovudmålområde for å skape gode levekår for perioden 2020-2032.

For kvart målområde har det vorte valt ut tiltak for å oppnå desse. Dei fem arbeidsprinsippa er retningsgivande for å nå måla i levekårsplanen.

Kva tiltak som vert prioritert av kommunen og korleis dei skal verte gjennomført, vil vere ein del av den årlege budsjettprosessen.

Kanskje er det også andre tiltak som vil vere meir aktuelle enn dei som er nemnt her.

## MÅLOMRÅDA ER SOM FØLGER:

### 1 God helse i alt vi gjer

Ulstein kommune skal tenke helse i alt vi gjer. Ulstein kommune skal arbeide med helsefremjande og førebyggjande tiltak for å oppnå god folkehelse, motverke utanforskap, redusere risikoen for sjukdom og tidleg død og for å møte framtidige helseutfordringar.

### 2 Gode oppvekstvilkår for barn og unge

Alle barn og unge i Ulstein kommune skal leve under tilhøve som fremjar tilhøyrslø, læring, livsmeistring og deltaking i fellesskapet.

### 3 Gode og attraktive nærmiljø

Vidareutvikling av gode og attraktive nærmiljø i heile kommunen som skaper gode levekår.

### 4 Eit levande og variert kulturliv

Ulstein kommune skal ha eit levande og variert kulturliv og eit attraktivt kulturtilbod. Kultur skaper identitet, trivsel og bulyst, og er eit viktig element i høve vekst og utvikling i heile kommunen.

## God helse i alt vi gjer

Ulstein kommune skal arbeide med helsefremjande og førebyggjande tiltak for å oppnå god folkehelse, motverke utanforskap, redusere risikoen for sjukdom og tidleg død og for å møte framtidige helseutfordringar.

Å kunne gjere gode helseval er ein føresetnad for god helse for den enkelte. Samfunnet skal legge til rette for at sunne val er enkle val. Levevanar vert ikkje berre styrt av individuelle val, men vert påverka av levekår, samfunnsstruktur og ulikskapar i ressursar.

Frivillige vil ha ei viktig rolle i utvikling og gjennomføring av helsetilbod i framtida.




### ▶ Dette skal vi få til ved å:

- Utarbeide ein frivilligstrategi for Ulstein kommune
- Styrke lokalt fagmiljø innan psykiske helsetenester
- Opprette lågterskeltilbod for psykisk helsehjelp
- Opprette lågterskeltilbod for fysisk helsehjelp
- Legge til rette for å bruke naturen som helsehjelp
- Vidareutvikle teknologi for å oppleve tryggleik og meistring i egne liv
- Auke den psykologiske tryggleiken og robustheita hos innbygarane
- Bygge nye omsorgsbustader med tanke på framtida
- Fortsette nært samarbeid med Husbanken og andre private aktørar for å legge til rette gode buløysingar for alle som treng tilpassa bustad
- Ha fokus på matglede, ernæring, sunt og godt kosthald
- Lage møteplassar der generasjonar kan møtast og ha gode opplevingar saman
- Etablere minnelund og urnelund i Ulstein kommune

VI SKAL NÅ MÅLA GJENNOM FØLGANDE ARBEIDSPRINSIPP:

- 1 Berekraftig utvikling
- 2 Samskaping
- 3 Medverknad
- 4 Inkluderande samfunn
- 5 Tidleg innsats



## Gode oppvekstvilkår for barn og unge

Heilskap og samanheng i oppveksten er ein viktig føresetnad for å møte framtida på ein god måte.

Barn og unge i Ulstein kommune skal vekse opp i eit miljø som fremjar identitet, læring og livsmeistring gjennom deltaking og inkludering i fellesskapet.

Gode og trygge barnehagar, skular og nærmiljø er viktige faktorar for å skape eit godt oppvekstmiljø.

Barndom har eigenverdi, og må verte sett på som noko meir enn førebuing til vaksenlivet.



### ▶ Dette skal vi få til ved å:

- Bygge laget rundt barnet
  - Ha kompetente vaksne og utvikle gode relasjonar
  - Samarbeide på tvers: Helsetenestene- barnehage- skule-heim-fritid
- Legge til rette for læringsglede og skaparlyst
- Inkludere barn og unge som aktive deltakarar i utvikling av Ulsteinsamfunnet
- Ha varierte lågterskel fritidstilbod for barn, unge og familiar
- Ha gode system for foreldrerettlegg der det er nødvendig for at barn og unge skal ha ein trygg oppvekst
- Oppdage utfordringar og samhandle om tidleg innsats
- Lage trygge nærrområda som er tilrettelagt for trygg ferdsel, leik og aktivitet
- Ruste opp uteområda på skulane for å sikre eit trygt og aktivt skulemiljø.
- Styrke det spesialpedagogiske nivået i kommunen gjennom å bygge pedagogisk og spesialpedagogisk nettverk på tvers av skulane og barnehagane
- Utarbeide ein strategi mot fattigdom

VI SKAL NÅ MÅLA GJENNOM FØLGANDE ARBEIDSPRINSIPP:

- 1 Berekraftig utvikling
- 2 Samskaping
- 3 Medverknad
- 4 Inkluderande samfunn
- 5 Tidleg innsats



## Gode og attraktive nærmiljø

Vi skal lage gode og attraktive nærmiljø for dei som bur og oppheld seg i Ulstein kommune. Gode nærmiljø er med på å bygge opp under dei andre målområda våre.

Sentrum skal vidareutviklast med møteplassar og byrom, urbane sentrumstilbod og aktivitetar som er skildra i parallelloppdraget.

Sambruk, samlokalisering og universell utforming er verkemiddel vi skal nytte for å skape levande og berekraftige lokalsamfunn i krinsar og i sentrum.

Parkar, grønne lungar og vegetasjon er også viktige faktorar.



### ▶ Dette skal vi få til ved å:

- Vidareutvikle 300-metersbyen/5-minuttsbyen
- Realisere bustadpolitisk handlingsplan
- Ha ein aktiv bustadpolitikk i heile kommunen
- Samlokalisere og sambruke lokale og anlegg for å skape eit levande sentrum
- Skape gode arenaer og møteplassar for kultur, idrett, kunst og teknologi
- Våge å bruke ny teknologi
- Legge til rette for god tilgang til friluftsområde
- Knyte sentrum til sjøen
- Sikre og skape trygge tilhøve for mjuke trafikantar
- Legge til rette for samanhengande gang- og sykkelveggar i heile kommunen
- Arbeide for eit godt kollektivtilbod både i krinsane og sentrum

VI SKAL NÅ MÅLA GJENNOM FØLGANDE ARBEIDSPRINSIPP:

- 1 Berekraftig utvikling
- 2 Samskaping
- 3 Medverknad
- 4 Inkluderande samfunn
- 5 Tidleg innsats

## Eit levande og variert kulturliv

Ulstein kommune skal ha eit levande og variert kulturliv med eit attraktivt kulturtilbod.

Kultur skaper identitet, trivsel og bulyst og er eit viktig element i høve vekst og utvikling i heile kommunen.

Gode natur- og kulturopplevingar gir god psykisk og fysisk helse.



### ▶ Dette skal vi få til ved å:

- Legge til rette for at alle innbyggjarane kan vere aktive deltakarar i kultur- og fritidstilbod
- Etablere kulturven for dei som treng følgje til kulturarrangement
- Legge til rette for naturopplevingar for alle
- Støtte eit variert og attraktivt kultur- og idrettsliv
- Skape og vidareutvikle festivalar og større arrangement
- Etablere fysisk møteplass for kunst
- Stimulere kreativiteten blant innbyggjarane
- Utvikle Sjøborg kulturhus vidare som hovudkulturarena i Ulstein
- Legge til rette for sjøaktivitetar for alle

VI SKAL NÅ MÅLA GJENNOM FØLGANDE ARBEIDSPRINSIPP:

- 1 Berekraftig utvikling
- 2 Samskaping
- 3 Medverknad
- 4 Inkluderande samfunn
- 5 Tidleg innsats



# Føringar

Her er ei oversikt over dei viktigaste føringane levekårsplanen er bygd på. Lista er ikkje uttømmende.

## Lokale

### STATISTIKK

- [Folkehelseoversikt Ulstein kommune 2020](#)
- [Samfunnsanalyse Ulstein kommune 2020](#)

### PLANAR

- [Samfunnsplan Ulstein kommune 2017-2029](#)
- [Strategi for innbyggardialog](#)
- [Plan for habilitering og rehabilitering](#)
- [Bustadpolitisk handlingsplan 2021-2024](#)
- [Handlingsplan for vald i nære relasjonar](#)
- [Parallelloppdraget Ulsteinvik sentrum](#)

## Regionale og nasjonale

### STORTINGSMELDINGAR OG NASJONALE/REGIONALE STRATEGIAR

- [Meld. St. 15 \(2017-2018\) Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre](#)
- [Meld. St. 19 Folkehelsemeldingen – Mestring og muligheter](#)
- [Meld. St.18 \(2020-2021\) Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge](#)
- [Meld. St. 6 \(2019-2020\) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO](#)
- [Meld. St. 25 \(2020-2021\) Likeverdsreformen – Et samfunn med bruk for alle](#)
- [Regjeringen samarbeidsstrategi for barn og ungdom i lavinntektsfamilier \(2020-2023\) – Like muligheter i oppveksten](#)
- [Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken \(2021-2024\) – Alle trenger et trygt hjem](#)
- [Fylkesplan for Møre og Romsdal 2021-2024](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 \(regjeringen.no\)](#)

I tillegg kjem andre stortingsmeldingar og strategiar som gjeld levekårsområdet.

### SENTRALT LOVVERK KNYTT TIL LEVEKÅRSFELTET

- [Plan- og bygningsloven](#)
- [FNs globale berekraftsmål](#)
- [FNs barnekonvensjon](#)
- [Folkehelseloven](#)
- [Barn og unges interesser i planleggingen](#)
- [Opplæringslova](#)
- [Lov om barnehager](#)
- [Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd](#)

I tillegg kjem andre særlover som gjeld levekårsområdet.



Har du spørsmål til levekårsplanen kan du sende det til  
[postmottak@ulstein.kommune.no](mailto:postmottak@ulstein.kommune.no)

Ulstein kommune  
Postboks 143  
6067 Ulsteinvik

Sentralbord  
70017500